

# EØS-ORGANER

2015/EØS/37/01

## EØS-KOMITEEN

### KOMMISJONSDIREKTIV 2009/97/EF

av 3. august 2009

**om endring av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF og 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar og grønsaker(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/53/EF av 13. juni 2002 om den felles sortsliste for jordbruksvekster<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 7 nr. 2 bokstav a) og b),

med tilvising til rådsdirektiv 2002/55/EF av 13. juni 2002 om markedsføring av grønnsakfrø<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 7 nr. 2 bokstav a) og b), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsdirektiv 2003/90/EF<sup>(3)</sup> og 2003/91/EF<sup>(4)</sup> vart vedteke for å sikre at dei sortane som medlemsstatane fører opp i dei nasjonale listene sine, oppfyller dei rettleiande prinsippa som plantesortskontoret til Fellesskapet (CPVO) har fastsett med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av sortane, i den grad det er fastsett slike rettleiande prinsipp. For andre sortar er det fastsett i desse direktiva at dei rettleiande prinsippa til Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar (UPOV) skal nyttast.
- 2) CPVO har seinare utferdta ytterlegare rettleiande prinsipp for ei rekkje andre artar, og har ajourført dei prinsippa som alt finst.
- 3) Når det gjeld direktiv 2003/90/EF må det leggjast til rettleiande prinsipp for dei nye artane som nyleg er oppførte i listene over artar som er omfatta av direktiv 66/401/EØF<sup>(5)</sup> og 66/402/EØF<sup>(6)</sup>.

4) Direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF bør difor endrast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

#### Artikkel 1

Vedlegg I og II til direktiv 2003/90/EF vert bytte ut med teksta i del A i vedlegget til dette direktivet.

#### Artikkel 2

Vedlegga til direktiv 2003/91/EF vert bytte ut med teksta i del B i vedlegget til dette direktivet.

#### Artikkel 3

Når det gjeld granskingar som tok til før 1. januar 2010, kan medlemsstatane nytte den versjonen av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF som galdt før dei nemnde direktiva vart endra ved dette direktivet.

#### Artikkel 4

Medlemsstatane skal innan 31. desember 2009 vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende over til Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. januar 2010.

Når desse føresegnene vert vedteke av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 202 av 4.8.2009, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 97/2010 av 1. oktober 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 70 av 16.12.2010, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF L 193 av 20.7.2002, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 193 av 20.7.2002, s. 33.

<sup>(3)</sup> TEU L 254 av 8.10.2003, s. 7.

<sup>(4)</sup> TEU L 254 av 8.10.2003, s. 11.

<sup>(5)</sup> TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66.

<sup>(6)</sup> TEF 125 av 11.7.1966, s. 2309/66.

*Artikkel 5*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 6*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 3. august 2009.

*For Kommisjonen*

Androulla VASSILIOU

*Medlem av Kommisjonen*

---

## VEDLEGG

## DELA

## «VEDLEGG I

**Liste over artar som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav a) som skal vere i samsvar med prøvingsprotokollane til CPVO**

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Protokollen til CPVO
<i>Pisum sativum</i> L.	Åkerert	TP 7/1 av 6.11.2003
<i>Vicia faba</i> L.	Bønnevikke	TP bønnevikke/1 av 25.3.2004
<i>Brassica napus</i> L.	Raps	TP 36/1 av 25.3.2004
<i>Helianthus annuus</i> L.	Solsikke	TP 81/1 av 31.10.2002
<i>Linum usitatissimum</i> L.	Tekstillin/oljelin	TP 57/1 av 21.3.2007
<i>Avena nuda</i> L.	Naken havre	TP 20/1 av 6.11.2003
<i>Avena sativa</i> L. (medrekna <i>A. byzantina</i> K. Koch)	Havre og raudhavre	TP 20/1 av 6.11.2003
<i>Hordeum vulgare</i> L.	Bygg	TP 19/2 av 6.11.2003
<i>Oryza sativa</i> L.	Ris	TP 16/1 av 18.11.2004
<i>Secale cereale</i> L.	Rug	TP 58/1 av 31.10.2002
<i>xTriticosecale</i> Wittm. ex A. Camus	Hybridar som er framstilte ved kryssing av ein art frå slekta <i>Triticum</i> og ein art frå slekta <i>Secale</i>	TP 121/2 av 22.1.2007
<i>Triticum aestivum</i> L.	Kveite	TP 3/4 av 23.6.2008
<i>Triticum durum</i> Desf.	Durumkveite	TP 120/2 av 6.11.2003
<i>Zea mays</i> L.	Mais	TP 2/2 av 15.11.2001
<i>Solanum tuberosum</i> L.	Potet	TP 23/2 av 1.12.2005

Teksta til desse protokollane er å finne på nettstaden til CPVO ([www.cpvo.europa.eu](http://www.cpvo.europa.eu)).

## VEDLEGG II

**Liste over artar som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav b), og som skal vere i samsvar med prøvingsprotokollane til UPOV**

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Dei rettleiande prinsippa til UPOV
<i>Beta vulgaris</i> L.	Fôrbete	TG/150/3 av 4.11.1994
<i>Agrostis canina</i> L.	Hundekvein	TG/30/6 av 12.10.1990
<i>Agrostis gigantea</i> Roth.	Storkvein	TG/30/6 av 12.10.1990
<i>Agrostis stolonifera</i> L.	Krypkvein	TG/30/6 av 12.10.1990
<i>Agrostis capillaris</i> L.	Engkvein	TG/30/6 av 12.10.1990
<i>Bromus catharticus</i> Vahl	Byfaks	TG/180/3 av 4.4.2001
<i>Bromus sitchensis</i> Trin.	Alaska-faks	TG/180/3 av 4.4.2001
<i>Dactylis glomerata</i> L.	Hundegras	TG/31/8 av 17.4.2002

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Dei rettleiande prinsippa til UPOV
<i>Festuca arundinacea</i> Schreber	Strandsvingel	TG/39/8 av 17.4.2002
<i>Festuca filiformis</i> Pourr.	Grannsvingel	TG/67/5 av 5.4.2006
<i>Festuca ovina</i> L.	Sauesvingel	TG/67/5 av 5.4.2006
<i>Festuca pratensis</i> Huds.	Engsvingel	TG/39/8 av 17.4.2002
<i>Festuca rubra</i> L.	Raudsvingel	TG/67/5 av 5.4.2006
<i>Festuca trachyphylla</i> (Hack.) Krajina	Stivsvingel	TG/67/5 of 5.4.2006
<i>Lolium multiflorum</i> Lam.	Italiensk raigras	TG/4/8 av 5.4.2006
<i>Lolium perenne</i> L.	Fleirårig raigras	TG/4/8 av 5.4.2006
<i>Lolium x boucheanum</i> Kunth	Hybridraigras	TG/4/8 av 5.4.2006
<i>Phleum nodosum</i> L.	Villtimotei	TG/34/6 av 7.11.1984
<i>Phleum pratense</i> L.	Timotei	TG/34/6 av 7.11.1984
<i>Poa pratensis</i> L.	Engrapp	TG/33/6 av 12.10.1990
<i>Lupinus albus</i> L.	Kvitlupin	TG/66/4 av 31.3.2004
<i>Lupinus angustifolius</i> L.	Smallupin	TG/66/4 av 31.3.2004
<i>Lupinus luteus</i> L.	Gul-lupin	TG/66/4 av 31.3.2004
<i>Medicago sativa</i> L.	Blåluserne	TG/6/5 av 6.4.2005
<i>Medicago x varia</i> T. Martyn	Mellomluserne	TG/6/5 av 6.4.2005
<i>Trifolium pratense</i> L.	Raudkløver	TG/5/7 av 4.4.2001
<i>Trifolium repens</i> L.	Kvitkløver	TG/38/7 av 9.4.2003
<i>Vicia sativa</i> L.	Förvikke	TG/32/6 av 21.10.1988
<i>Brassica napus</i> L. var. <i>napobrassica</i> (L.) Rechb.	Kålrot	TG/89/6 av 4.4.2001
<i>Raphanus sativus</i> L. var. <i>oleiformis</i> Pers.	Oljereddik	TG/178/3 av 4.4.2001
<i>Arachis hypogea</i> L.	Jordnøtt	TG/93/3 av 13.11.1985
<i>Brassica rapa</i> L. var. <i>silvestris</i> (Lam.) Briggs	Rybs	TG/185/3 av 17.4.2002
<i>Carthamus tinctorius</i> L.	Saflorestel	TG/134/3 av 12.10.1990
<i>Gossypium</i> spp.	Bomull	TG/88/6 av 4.4.2001
<i>Papaver somniferum</i> L.	Valmue	TG/166/3 av 24.3.1999
<i>Sinapis alba</i> L.	Kvitsennep	TG/179/3 av 4.4.2001
<i>Glycine max</i> (L.) Merrill	Soyabønne	TG/80/6 av 1.4.1998
<i>Sorghum bicolor</i> (L.) Moench	Sorghum	TG/122/3 av 6.10.1989

Teksta til desse rettleiande prinsippa er å finne på nettstaden til UPOV ([www.upov.int](http://www.upov.int))».

## DEL B

## «VEDLEGG I

## Liste over artar som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav a), og som skal vere i samsvar med prøvingsprotokollane til CPVO

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Protokollen til CPVO
<i>Allium cepa</i> L. (Kepa-gruppa)	Kepalauk	TP 46/2 av 1.4.2009
<i>Allium cepa</i> L. (Aggregatum-gruppa)	Sjalottlauk	TP 46/2 av 1.4.2009
<i>Allium porrum</i> L.	Purre	TP 85/2 av 1.4.2009
<i>Allium sativum</i> L.	Kvitlauk	TP 162/1 av 25.3.2004
<i>Allium schoenoprasum</i> L.	Graslauk	TP 198/1 av 1.4.2009
<i>Apium graveolens</i> L.	Hageselleri	TP 82/1 av 13.3.2008
<i>Apium graveolens</i> L.	Knollselleri	TP 74/1 av 13.3.2008
<i>Asparagus officinalis</i> L.	Asparges	TP 130/1 av 27.3.2002
<i>Beta vulgaris</i> L.	Raudbete, medrekna Cheltenham-bete	TP 60/1 av 1.4.2009
<i>Brassica oleracea</i> L.	Blomkål	TP 45/1 av 15.11.2001
<i>Brassica oleracea</i> L.	Brokkoli eller calabrese	TP 151/2 av 21.3.2007
<i>Brassica oleracea</i> L.	Rosenkål	TP 54/2 av 1.12.2005
<i>Brassica oleracea</i> L.	Knutekål	TP 65/1 av 25.3.2004
<i>Brassica oleracea</i> L.	Savoykål, kvitkål og raudkål	TP 48/2 av 1.12.2005
<i>Brassica rapa</i> L.	Kinakål	TP 105/1 av 13.3.2008
<i>Capsicum annum</i> L.	Chilipepar eller paprika	TP 76/2 av 21.3.2007
<i>Cichorium endivia</i> L.	Krusendiv og breiblada endiv	TP 118/2 av 1.12.2005
<i>Cichorium intybus</i> L.	Rotsikori	TP 172/2 av 1.12.2005
<i>Cichorium intybus</i> L.	Salatsikori	TP 173/1 av 25.3.2004
<i>Citrullus lanatus</i> (Thunb.) Matsum. et Nakai	Vassmelon	TP 142/1 av 21.3.2007
<i>Cucumis melo</i> L.	Melon	TP 104/2 av 21.3.2007
<i>Cucumis sativus</i> L.	Agurk og sylteagurk	TP 61/2 av 13.3.2008
<i>Cucurbita pepo</i> L.	Mandelgraskar	TP 119/1 av 25.3.2004
<i>Cynara cardunculus</i> L.	Artisjokk og kardon	TP 184/1 av 25.3.2004
<i>Daucus carota</i> L.	Gulrot og fôrgulrot	TP 49/3 av 13.3.2008
<i>Foeniculum vulgare</i> Mill.	Fennikel	TP 183/1 av 25.3.2004
<i>Lactuca sativa</i> L.	Salat	TP 13/4 av 1.4.2009
<i>Lycopersicon esculentum</i> Mill.	Tomat	TP 44/3 av 21.3.2007
<i>Petroselinum crispum</i> (Mill.) Nyman ex A. W. Hill	Persille	TP 136/1 av 21.3.2007

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Protokollen til CPVO
<i>Phaseolus coccineus</i> L.	Prydbønne	TP 9/1 av 21.3.2007
<i>Phaseolus vulgaris</i> L.	Krypbønne og stangbønne	TP 12/3 av 1.4.2009
<i>Pisum sativum</i> L. (partim)	Mergert, pillert og sukkerert	TP 7/1 av 6.11.2003
<i>Raphanus sativus</i> L.	Hagerreddik	TP 64/1 av 27.3.2002
<i>Solanum melongena</i> L.	Eggplante	TP 117/1 av 13.3.2008
<i>Spinacia oleracea</i> L.	Spinat	TP 55/2 av 13.3.2008
<i>Valerianella locusta</i> (L.) Laterr.	Vanleg vårsalat	TP 75/2 av 21.3.2007
<i>Vicia faba</i> L. (partim)	Bønnevikke	TP bønnevikke/1 av 25.3.2004
<i>Zea mays</i> L. (partim)	Sukkermais og perlemais	TP 2/2 av 15.11.2001

Teksta til desse protokollane er å finne på nettstaden til CPVO ([www.cpvo.europa.eu](http://www.cpvo.europa.eu)).

#### VEDLEGG II

#### Liste over artar som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav b) som skal vere i samsvar med prøvingsprotokollane til UPOV

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Dei rettleiande prinsippa til UPOV
<i>Allium fistulosum</i> L.	Pipelauk	TG/161/3 av 1.4.1998
<i>Beta vulgaris</i> L.	Bladbete	TG/106/4 av 31.3.2004
<i>Brassica oleracea</i> L.	Grøn kål	TG/90/6 av 31.3.2004
<i>Brassica rapa</i> L.	Nepe	TG/37/10 av 4.4.2001
<i>Cichorium intybus</i> L.	Sikori med store blad	TG/154/3 av 18.10.1996
<i>Cucurbita maxima</i> Duchesne	Kjempegraskar	TG/155/4 av 28.3.2007
<i>Raphanus sativus</i> L.	Svart reddik	TG/63/6 av 24.3.1999
<i>Rheum rhabarbarum</i> L.	Rabarbra	TG/62/6 av 24.3.1999
<i>Scorzonera hispanica</i> L.	Skorsonerrot	TG/116/3 av 21.10.1988

Teksta til desse rettleiande prinsippa er å finne på nettstaden til UPOV ([www.upov.int](http://www.upov.int)).»